

FREDLYELEVER PÅ STUDIETUR TIL ESTLAND

I år startet Fredly folkehøgskole en ny linje; "Bistand - Destinasjon X", hvor gjengen på bildet nå er elever. Blant reisene gruppa skal oppleve i løpet av året er en 14 dagers tur til Estland, hvor vi skal være med på en utvidet utgave av Estlandsforeningens årlige "julegavetur". Om noen få uker, nærmere bestemt den 23. november, bærer det av sted til Estland hvor både elevene på Bistandslinja og andre elever fra Fredly skal besøke foreningens humanitære prosjekter, være med på juleverksted sammen med estiske barn og unge og besøke Tallin. Mens de andre elevene drar hjem igjen med bussen etter fem dager, skal elevene på Bistandslinja bli igjen for å ha en ukes praksis i barnehagen og på barnehjemmet på Trønderheimen i Tapa. Dette inngår i Bistandsdelen av linjeopplegget som går ut på at elevene skal få både teoretisk kunnskap om bistandsarbeid, samt praktisk erfaring gjennom konkret frivillig arbeid og praksis. Elevene har drevet med diverse praktisk arbeid for å samle inn penger til prosjektene. Vi har solgt vafler utenfor Prix'n i Børse, pantet flasker, hatt kafé på skolen flere ganger med salg av egenprodusert bakst sammen med andre ildsjeler blant elevene, og vi har sortert og pakka klær som vi har sendt til Estland. Nye runder med vaffelsalg og kafédrift er planlagt fremover, samt salg av diverse produkter for å prøve å slå innsamlingsrekorden fra fjoråret. Kirsti Kristiansen har vært på skolen og vist bilder og snakket varmt om Estland til elevene og forventningene til turen og oppholdet er store. Elevene er spente på hvordan den estiske kulturen er og på hvordan leveforholdene er i Estland sammenlignet med her i Norge.

De ser fram til å få et innblikk i drifta på Trønderheimen og gleder seg spesielt til å være sammen med barna i Trønderheimen.

Bildet: Kari Torbjørnsen (lærer), Kristine Bjerkeset, Henrikke Hodøl, Ann Christin Stegard Schjerven, Reidun Sveen, Mari Høglien. Fremst fra venstre: Benjamin Elliott, Lene Dybdal, Kristin Østrem og Anne-Marthe Dyb Støbakk.



Ein minnerik tur er over

I skrivande stund (den 9. desember) sit vi i lag på Bistandsklasserommet på Fredly folkehøgskule og mimrar over turen vår i Estland. Det er to dagar sidan vi kom heim att og inntrykka har ikkje satt seg heilt enda. Vi er ein gjeng på 10 personar og vi kan nesten seie at vi er nye personar etter opphaldet i Estland. Vi har opplevd og sett mykje spennande, og lukta mykje rart og no må det få tid til å synke inn.

Den fyrste veka i Estland var det, forutan oss, 16 andre personar, både elevar, lærarar og andre heldige. Vi reiste rundt i Estland og var innom både Narva, Raja og Tapa, og fekk oppleve både det eine og det andre. Vi fekk kome på besøk til privatpersonar som tok oss i mot med opne armar. Vi møtte menn med rus- og alkoholproblem, fekk vera i lag med born i alle aldrar og vaksne som ikkje hadde ein lett kvardag. Alle ville vise oss korleis dei hadde det og fortalte oss mange historier. Vi var veldig takksamde for dette og syntest det var svært spennande. Gruppa som var med oss drog heim etter ei veke og då var vi berre Bistandsklassa

att. Vi kom til Trønderheimen og kjente oss som heime med ein gong. Tre personar frå Estlandsforeininga (Kirsti, Ingrun og Bernt Olav) møtte oss der og gjorde overgangen enda betre. Oppgåva denne veka var å arbeide i barnehagen og på barneheimen. Vi var veldig spente fyrste dagen på korleis det ville bli, og nysgjerrige på å sjå korleis dei hadde det. På barnehagen blei vi møtt med stor glede og varme. I barneheimen var dei meir skeptiske, men vi fekk vise at vi var ganske kjekke å ha med å gjere og dei blei varme i trøya etter kvart. Dagane gjekk fort og plutseleg stod vi i døra på Trønderheimen med tårer i auga og klumpen som vaks i magen. Vi kom veldig nært barna vi var i lag med så det var vanskeleg å forlate dei. Men godt er det å reise heim å tenke at vi hadde fått oss mange nye vener.

Ein skal leite lenge etter ein gjeng som har fått oppleve like mykje som oss, og vi kjenner oss svært takksamde. Vi har hatt ein flott tur med mykje fint og mykje tøft. Vi sit att med mange minner, og vi ser ikkje vekk frå at vi ein dag dreg attende til Trønderheimen.

Helsing frå gjengen på "Bistand - Destinasjon X", Fredly fhs